



KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENTET
Postboks 8112 DEP
0032 OSLO


Saksbehandlar, innvalstelefon
Frida Farstad Brevik, 71 25 84 51

Oversending av søknad om utgreiing av grensejustering av Ona, Sandøy og Gåsøya i Ålesund kommune

Statsforvaltaren sender med dette over søknader om utgreiing av grensejustering av Ona, Sandøy og Gåsøya i Ålesund kommune til Aukra kommune til Kommunal- og distriktsdepartementet (KDD).

Øyene Ona, Sandøy og Gåsøya ligg nord i Ålesund, sjå oversiktskart. Ona og Sandøy har i dag 49¹ fastbuande innbyggjarar, men Gåsøya har ikkje heilårs fastbuande. Ålesund kommune har om lag 67 114 innbyggjarar mens Aukra kommune har om lag 3518 innbyggjarar.

Oversiktskart



¹ Tal frå 01.01.2022. Søkar opplyser om at det per i dag er 41 innbyggjarar på Ona og Sandøy.



Saksgong

Statsforvaltaren har motteke søknad frå Oddgeir Viken og Arve Linningsvoll om å sette i gong ei utgreiing av grensejustering av Ona og Sandøy i Ålesund kommune over til Aukra kommune, sjå søknad av 6. oktober 2022 i vedlegg 1. Statsforvaltaren har også motteke søknad frå Pål Gaasøy om at ei eventuell utgreiing av grensejustering også skal omfatte Gåsøya, sjå søknad av 12. oktober i vedlegg 2.

Romsdal interkommunalt politisk råd har gitt si støtte til søknaden frå Ona og Sandøy, sjå e-post av 12. oktober i vedlegg 3.

Kommunane Ålesund og Aukra er orientert om søknadene og gitt høve til å uttale seg til saka, sjå vårt brev av 20. oktober i vedlegg 4.

Aukra kommune har sendt over sin høyringsuttale i brev av 22. november 2022, sjå vedlegg 5. Det blir i høyringsuttalen vist til at kommunen er positiv til at det blir sett i gong ei utgreiing av grensejustering.

Ålesund kommune har sendt over sin høyringsuttale i brev 8. desember 2022, sjå vedlegg 6. Det blir i høyringsuttalen vist til at det ikkje ligg føre forhold som tilseier eit behov for ny utgreiing av ei grensejustering. Kommunen meiner at dei forholda som låg til grunn for avgjerda då grensejusteringsspørsmålet blei behandla av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i 2018 framleis gjer seg gjeldande.

Det går vidare fram av høyringsuttalen at:

«Dersom Statsforvaltaren sitt råd til Kommunal- og distriktsdepartementet skulle vere at det skal settast i gong ei utgreiing, meiner kommunedirektøren at ei slik utgreiing må vente til kommunedelinga er gjennomført. Først då vil ein ha oversikt over eventuelle konsekvensar for det kommunale tenestetilbodet på øyane etter deling, og kunne ha kapasitet til å bidra inn i ein grensejusteringsprosess.»

Inndelingslova – rettsleg utgangspunkt for saka

Det følgjer av inndelingslova § 8 at ein innbyggjar og grunneigar i den kommunen søknaden gjeld, eller ein næringsdrivande som har registrert forretningsstad der, kan søke om at det settast i gong ei utgreiing av grensejustering av eit område. Søknaden skal vere skriftleg, grunngjeve, innhalde forslag til ny kommunegrense og sendast til Statsforvaltaren i det området søknaden gjeld. Statsforvaltaren skal orientere dei kommunane det gjeld om søknaden, og gi dei høve til å uttale seg til søknaden.

Statsforvaltaren skal sende søknader, høyringsuttaler og ei vurdering av saka over til departementet for vidare behandling.

Det er Kommunal- og distriktsdepartementet som avgjer om det skal settast i gong utgreiing av ei grensejustering eller ikkje. Dersom departementet finn grunnlag for å gjennomføre ei utgreiing, vil denne gi grunnlag for å fatte avgjerd i sjølve grensejusteringsspørsmålet. Det vil i samband med ei slik utgreiing bli gjennomført ei form for innbyggjarhøyring. Det er departementet som fattar det endelege vedtaket om grensejustering.



Inndelingslova seier ikkje noko om når ei grense bør endrast, eller kor ei grense skal gå. Tilsvarande seier ikkje inndelingslova noko om når det bør settast i gong ei utgreiing av grensejustering. Loven må slik sett kunne seiast å opne for eit visst grad av skjøn i tillegg til reinte faglege vurderingar. Statsforvaltaren legg til grunn at det i all hovudsak vil vere faglege omsyn som ligg til grunn for departementets avgjerd om det skal settast i gong ei utgreiing av grensejustering eller ikkje.

Søknadene


Oddgeir Viken, Arve Linningsvoll og Pål Gaasøy har som innbyggjarar og grunneigarar initiativrett etter inndelingslova § 8 til å søke om utgreiing av grensejustering for Ona, Sandøy og Gåsøya.

Søknad for Ona og Sandøy

Søknaden som gjeld Ona og Sandøy er sendt inn av Oddgeir Viken og Arve Linningsvoll, men det er i tillegg lagt ved ei liste med 34 underskrifter. Totalt 36 av 41 innbyggjarar (sjå fotnote 1) på øyene støtter søknaden.

Dagens kommunegrense mellom kommunane Ålesund og Aukra går i dag vest for Sandøy. Søkarane Viken og Linningsvoll har lagt fram følgjande forslag til ny kommunegrense:

Kart som viser eksisterande og foreslått kommunegrense



Søkarane viser til at det no har gått seks år sidan dei søkte om utgreiing av grensejustering i 2016. Kommunal- og moderniseringsdepartementet avgjorde saka i 2018, og berre Orten blei grensejustert over til Aukra kommune.

Søkarane meiner at det i tida etter 2018 har skjedd endringar som tilseier at det er behov for ei ny utgreiing av grensejustering for øyene:



- Konkret er det vist til ny kommunestruktur i Ålesund kommune som følge av pågåande delingsprosess, der Haram og Ålesund blir oppretta som to nye kommunar gjeldande frå 1.1.2024. Søkarane peikar på at regjeringa har opna for at tvangssamanslåtte kommunar kan oppløysast, og dei meiner det kan få betydning for deira ønske om grensejustering over til Aukra kommune.
- Det er vidare vist til opninga av Nordøyvegen, og korleis dette påverkar reisetida og reisekostnader til kommunesenteret i Ålesund. Dei peikar på at Nordøyvegen gir lengre reiseveg/reisetid, og at det kostar meir enn det har gjort tidlegare. Det er kortare reiseveg/reisetid og rimelegare for innbyggjarane på Ona og Sandøy å reise inn til kommunesenteret på Aukra.
- Søkarane viser også til at slik det er lagt opp i dag, er det lang reiseveg til legevakt og sjukehus. Det vil gi større tryggleik for innbyggjarane på Ona og Sandøy om dei blir knytt til legevaktenesta på Aukra. Det vil gi kortare responstid ved utrykking, og transport til sjukehus vil gå fortare.
- Søkarane peikar på at grunngevinga for søknaden frå 2016 framleis gjeld. Innbyggjarane på Ona og Sandøy har si tilhøyrslø og identitet som romsdalingar, og dei ønskjer ei grensejustering over til Aukra kommune.

Søkarane ber om at folkevilja vinn fram denne gongen, og at det blir sett i gong ei ny utgreiing av grensejustering.

Søknad for Gåsøya

Søknad for Gåsøya er underskrevet av Pål Gaasøy som eig 90 % av gnr. 803 bnr. 1 på Gåsøya. Dersom det blir sett i gong ei utgreiing av grensejustering for Ona og Sandøy, så ønskjer Pål Gaasøy at også Gåsøya blir tatt med. Gaasøy driv ein gard på Gåsøya, og bur på øya mellom 130-190 dagar i året. Han viser til at han har opplevd problem med å kome seg til legevakta i Ålesund kommune, og måtte då nytte legevakta i Molde i staden.

Statsforvaltarens vurdering

Historikk

Statsforvaltaren gjennomførte på oppdrag frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) ei utgreiing av grensejustering av øyene Ona, Sandøy, Orten mfl. i 2018. I samband med utgreiinga blei det gjennomført ei høyring blant innbyggjarane på øyene. Innbyggjarhøyringa hadde ein svarprosent på 96 %, og viste at 85 % ønska grensejustering over til Aukra kommune. Vår tilråding til departementet var då at desse øyene blei grensejustert frå tidlegare Sandøy kommune/nye Ålesund kommune over til Aukra kommune. Vi la i vår tilråding stor vekt på resultatet frå innbyggjarhøyringa, innbyggjarane si tilhøyrslø og deira ønske om ei grensejustering over til sin kvardagsregion.

KMD avgjorde saka den 2. juli 2018, og vedtok at berre Orten og Lyngværet skulle grensejusterast over til Aukra kommune gjeldande frå 1.1.2020.

Ny søknad om utgreiing av grensejustering

Statsforvaltaren har motteke ein ny søknad om utgreiing av grensejustering frå innbyggjarane på Ona og Sandøy og grunneigar på Gåsøya. Som vist til ovanfor blei det i 2018 tatt stilling til spørsmålet om grensejustering for desse øyene. Når departementet skal vurdere om det er grunnlag for å sette i gong ei utgreiing av grensejustering, vil det vere sentralt i vurderinga å sjå om det har skjedd endringar etter 2018 som tilseier eit behov for ei ny utgreiing.



Statsforvaltaren vil nedanfor gjere greie for endringar sidan 2018 som kan få betyding når departementet skal avgjere om det skal settast i gong ny utgreiing eller ikkje.

Endringar sidan 2018

Det har gått fire år sidan grensejusteringssaka blei avgjort av departementet, og vi har i løpet av den tida hatt eit regjeringsskifte. Eit tema for regjeringa har vore endringar i kommunestruktur, og Statsforvaltaren kan slik sett forstå klagarane sitt ønske om å få grensejusteringssaka vurdert på nytt.

Stortinget vedtok våren 2022 deling av Ålesund kommune, slik at heile tidlegare Haram kommune på nytt blir etablert som eigen kommune. Endringa trer i kraft den 1.1.2024. Dette inneber at Ålesund kommune vil få ein anna kommunestruktur enn den som låg til grunn for avgjerda av grensejusteringssaka i 2018. Det er ikkje utelukka at denne endringa i kommunestrukturen kan påverke det kommunale tenestetilbodet for innbyggjarane på Ona og Sandøy. Det er på noverande tidspunkt likevel ikkje mogleg å seie noko om i kva grad det kommunale tenestetilbodet blir påverka.

Nordøyvegen opna hausten 2022, og den erstattar ferjesambandet Harøy – Brattvåg. Søkarane har vist til at Nordøyvegen gir både lengre og dyrare reiseveg for innbyggjarane på Ona og Sandøy til kommunesenteret i Ålesund. Vi ser at det kan opplevast tyngande for innbyggjarane dei gongene det er behov for å reise inn til kommunesenteret i Ålesund. Vi forstår det slik at det først og fremst gjeld ved bruk av legevakt. Dette fordi dei kommunale tenestene som er mest nytta i det daglege, er lokalisert på Steinshamn i tidlegare Sandøy kommune. Ei eventuell reduksjon av det kommunale tenestetilbodet på Steinshamn, vil kunne auke behovet for å reise inn til kommunesenteret i Ålesund. I kva grad dette blir aktuelt, er det som peika på ovanfor, ikkje mogleg å seie noko om på noverande tidspunkt.

Oppsummering

Dei forholda som vi har vist til ovanfor kan tilseie et behov for å sjå på saka på nytt. Etter ei samla vurdering rår Statsforvaltaren til at det blir sett i gong ei ny utgreiing av grensejustering for Ona, Sandøy og Gåsøya.

Vi har stor forståing for at Ålesund kommune står i ein pressa situasjon i den pågåande delingsprosessen. Ei utgreiing av grensejustering bør derfor ikkje settast i gong før etter 1.1.2024.

Med helsing

Else-May Norderhus (e.f.)
statsforvaltar

Rigmor Brøste
ass. statsforvaltar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Søknad - Ona og Sandøy
- 2 Søknad - Gåsøya
- 3 Brev fra Romsdal interkommunalt politiske råd
- 4 Orientering om søknadene frå Statsforvaltaren
- 5 Høyringssvar frå Aukra kommune
- 6 Høyringssvar frå Ålesund kommune



Kopi til:

Oddgeir Viken

ÅLESUND KOMMUNE

Arve Linningsvoll

Pål Johan Gaasøy

AUKRA KOMMUNE

Onagarden 10

Postboks 1521

Linningsvegen 31

Bygda 1069

Kommunehuset Nyjordvegen 12

6298

6025

6297

6218

6480

ONA

ÅLESUND

Sandøy

HELLESYLT

AUKRA